

NVE
nve@nve.no

Leikanger 23.01.2018

Saksnummer 201503528

Høyringsfråsegn til Nettilknytning – Offerdal kraftverk, endringsøknad om sjø- og jordkabel.

Følgjande organisasjonar står bak høyringsfråsegna: Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag og Norsk Ornitologisk Forening avd. S&Fj.

Vi viser til endringsøknad frå Offerdal kraftverk og høyringssak lagt ut på NVE sine nettsider og våre tidlegare uttaler til saka datert 19.05.2009, 20.05.2012, 19.05.2015 og 18.02.2016.

Følgjande organisasjonar i Sogn og Fjordane står bak høyringsfråsegna; Naturvernforbundet, Sogn og Fjordane Turlag, og Forum for natur og friluftsliv.

Vi ser særst positivt på søknaden om å endre nettilknytning av kraftverket med sjøkabel frå Indre Offerdal under, istaden for luftspenn over Årdalsfjorden til Naddvik i medhald av lov av 29.06.1990 nr.50 Energiloven §3-1. Vi har argumentert for kabel i ei tidlegare fråsegn om denne saka.

Vår bakgrunn for dette er i tillegg til samfunnsøkonomisk vinst knytt til fordeler for biologisk mangfald, i høve fugl og kollisjonsfare og landskapet. Naturopplevingane av fjord- og kultur landskap vert i langt mindre grad forringa ved legging av strømkabel i sjø og i jord mellom kraftstasjon og trafostasjon.

Sjølv om vi heile tida har gått i mot sjølv kraftutbygginga i Indre Offerdal ser vi denne endringa som eit godt avbøtande tiltak om kraftverket vert bygd ut.

Eit tilleggsmoment: Årdal er eit industrisamfunn der det kan vere ein ekstra fare for ulykker. Vi har no i januar 2018 sett at ras og snøstorm i ein periode har sperra begge vegane inn til dei sentrale delane av kommunen. Då er det **svært** viktig at det er “fri bane” for tilgang med helikopter også når skydekket er lågt. Det vil det ikkje vere viss det kjem eit luftspenn over fjorden. Saka handlar altså også om “liv og helse”.

Konklusjon:

Vi støttar fullt ut og opp om endringssøknaden og netttilknytning ved legging av sjø- og jordkabel mellom Indre Offerdal og Naddvik om kraftverk i Indre Offerdal skal byggast ut.

Med helsing

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane


Elisabeth Dahle
Fylkeskoordinator

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøien Nes, leiar

**Sogn og Fjordane Turlag**

Ron Overdevest, leiar naturvernutvalet

**NOF Norsk Ornitologisk Foreining avd. Sogn og Fjordane**

Torbjørn Hasund, leiar

**Frå vår høyringsfråsegn av 19.05.2015:**

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Nettilknytning:

Vårt forslag var ein mindre utbyggingsløyising på 23,9 MW (lågare enn 25 MW, grensa for 22kV sjøkabel) og tre ulike alternativ for sjøkabel, bl.a med sjøkabel til Naddvik og jordkabel opp til trafoen. Det er særst positivt at dette no vert lagt fram som ulike løysingar, K1 – K4.

Grunngjeving, val av ulike alternativ K1 - K4:

K1 har låg konfliktgrad, men er dårleg egna grunna bratt terreng langs fjorden langsmed vegen for framføring av jordkabel.

K2 har låg konfliktgrad, men arbeid og vedlikhald av landkabel kan koma i konflikt med vassføring i utløps- og tilkomsttunnel i Naddvik opp til trafostasjonen.

K3 har låg konfliktgrad og gjev minst konflikt knytt til landkabel opp til trafostasjon for kulturlandskap og kulturminner i Naddvik.

K4 har låg konfliktgrad, men kan koma i konflikt med kulturminne og -landskap i Naddvik i det terrasserte kulturlandskapet.

Konklusjon: Vi er positive til val av K3 med trase for jordkabel langs veg opp til trafostasjonen, der ein vektlegg omsyn til vegetasjon og steinrøyser. Jordkabel har klart lågare konfliktgrad enn luftleidning i Naddvik, også etter Multiconsult sin rapport.